

Du kan velgje den lette eller den tunge varianten ...



grind. Om du ikkje ynskjer så mange bakkar kan denne delen av turen gjerast med bil. Etter grinda fylgjer du grusveg om lag 6 km fram til Holu. Dette er ein god grusveg i lett terreng. På varme dagar kan det leggast inn eit bad i Kvinda. Eigna bade-/rasteplass finn du etter om lag 2,8 km frå Bakketeigen. Ta av grusveg mot elva, badeplassen ligg nedstrøms brua.

Etter Holu kan du anten ta fylkesvegen gjennom Kvinnegardslia og ned til Sundre, eller grusvegen attende til Bakketeigen. Om du "trør på litt" gir grusvegen attende til Bakketeigen god fart. Ver merksam på at det kan være trafikk på grusvegen.

Aust for elva Kvinda i Kvinnegardslia ligg ein grusveg som går i skogsterreng med utsikt mot grenda Kvinnegardslia. Turen kan også gjerast som ein rundtur med utgangspunkt i Sundre.

Frå Sundre går turen opp gjennom Noss med krevjande motbakkar og strålende utsikt. Følg vegen til du har passert Bakketeigen folkehøgskule og kjem til ei

Langs vegen opp til Bakketeigen kan du ta ein avstikker opp Verpebakken. Der finn du Fangeliv sin retterstad. Liv Enbegretsdotter frå Arnegard i Vats var den siste som vart avretta i Hallingdal i 1734, skulda for å «føde i dølgsmål og sit foster med Villie hafde dety ombragt». Ho vart dømd «til at miste sin Hals og hendes Hoved at sættes på en Stage, som hendis Hovedblod at have forbrudt.» Hovudet hennar vart sett på ei stong for å åtvare dei levande.



For meir detaljert kart sjå: Ål Sentrumskart som er å få gratis på Ål Turistinformasjon.



Sundre Torg/Bakketeigen folkehøgskole.



Fangeliv sin retterstad – skilta og med infotavle.



God parkering på Sundre Torg/Bakketeigen folkehøgskole.



Fin tur for alle typar hjul. Noko stiging frå Sundre, men kan forenklast ved å parkere på Bakketeigen.



Om lag 13 km.

